



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Sakliste og saksdokument årsmøte 2025

Dato:	Onsdag 5. mars 2025
Tid:	18:00 – 19:00
Stad:	Sosialt rom, 2. etg., Volda Campus SpareBank 1 Arena

Til medlemmer i Volda NTN Taekwon-Do klubb,

Styret viser til innkalling til årsmøte publisert på klubbens heimeside 5. februar 2025. Årsmøtet blir halde onsdag 5. mars 2025. Under følger saklista for årsmøtet.

1. Godkjenne dei stemmeføre medlemmene.
2. Velje dirigent(ar).
3. Velje protokollfører(ar).
4. Velje to medlemmer til å underskrive protokollen.
5. Godkjenne forretningsorden.
6. Godkjenne innkallinga.
7. Godkjenne saklista.
8. Behandle idrettslaget si årsmelding.
9. Behandle idrettslaget sitt rekneskap.
10. Behandle forslag og saker.
 - a. Godtgjersle for verv.
11. Fastsette
 - a. medlemskontingent.
 - b. treningsavgift, eller gi styret fullmakt til å fastsette treningsavgifter.
12. Vedta idrettslaget sitt budsjett.
13. Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan.
14. Val av
 - a. styre med leiar, nestleiar, eitt styremedlem og eitt varamedlem.
 - b. kontrollutval med leiar, eitt medlem og eitt varamedlem.
 - c. representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane.
 - d. valkomité med leiar, eitt medlem og eitt varamedlem.
 - e. eventuelt andre val jamfør idrettslaget sin organisasjonsplan.

Vedlagt er følgande dokument:

- Forslag til forretningsorden
- Idrettslaget si årsmelding
- Rekneskap 2024
- Innkomne forslag og saker
- Forslag til budsjett 2025
- Forslag til organisasjonsplan

Ved spørsmål om årsmøtet, kan du kontakte klubben på e-post: post@voldatkd.no.

Med sportsleg helsing

Styret i Volda NTN Taekwon-Do klubb

Elisa Hansen, Preben Andre Eikrem, Thomas Meier Fiskerstrand



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Forslag til forretningsorden

Styret foreslår følgende forretningsorden:

1. Gjennomføring av årsmøtet

- 1.1 Årsmøtet blir leia av den valde dirigenten, og skal gjennomførast i samsvar med NIFs lov og denne forretningsordenen.
- 1.2 Ein kvar som ønsker ordet på årsmøtet, må melde seg til talarlista og kan berre tale til årsmøtet når dirigenten har gitt vedkommande ordet.

2. Taletid

- 2.1 Medlem/årsmøtevalt organ med forslag på saklista, blir gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget.
- 2.2 For etterfølgande innlegg, er taletida tre minutt for første innlegg, to minutt for andre innlegg og eitt minutt for tredje innlegg. Ingen blir gitt rett til ordet meir enn tre gonger i same sak.
- 2.3 Etter forslag frå dirigenten eller eit medlem/årsmøtevalt organ, kan årsmøtet bestemme å:
 - sette strek for dei innteikna talarane
 - sette strek for nye forslag
 - auke tal på innlegg
 - endre taletida
 - gi taletid til personar utan talerett
- 2.4 Person med talerett som ber om ordet til forretningsordenen har eitt minutt taletid.

3. Behandling av forslag på årsmøtet

- 3.1 Person som vil fremme eventuelle forslag/endringsforslag, under årsmøtet må kunngjere forslaget skriftleg til dirigenten og vere signert av medlemmen.
- 3.2 Forslag kan berre bli fremma i saker som står på saklista.
- 3.3 Etter at saklista er godkjent, kan ikkje forslag som går frem av saklista bli trekt utan at årsmøtet aksepterer dette.

4. Stemmegiving

- 4.1 Stemmegiving blir gjennomført i samsvar med dirigentens rettleiing. Dirigenten skal klart angi kva sak det skal stemmast over.
- 4.2 Dersom det krevst eller er nødvendig med skriftleg avstemming, skal avstemming skje ved å nytte skriftleg skjema.



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Forslag til forretningsorden

5. Protokoll

- 5.1 Det føres protokoll over årsmøtet sine forhandlinger. Protokollen blir ført av dei årsmøtet har valt til å føre protokoll.
- 5.2 I protokollen blir det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremma, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte sak, og resultatet av avstemmingar med tal på stemmer for og imot og ev. blanke stemmer.
- 5.3 Protokollen blir publisert på idrettslaget si heimeside så snart den er godkjent.

Med sportsleg helsing

Styret i Volda NTN Taekwon-Do klubb

Elisa Hansen, Preben Andre Eikrem, Thomas Meier Fiskerstrand



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024



NORWEGIAN GROUP

RETURA[®]
SØRE SUNNMØRE

ØB REGNSKAP AS
www.obregn.no



**KAMP
SPORT**





Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Styret og tillitsvalde

Årsmøtet 2024 blei halde måndag 20. mars 2024 på Berte Kanutte-huset ved Høgskulen i Volda.

Styret 2024/2025

Styreleiar: Elisa Hansen
Nestleiar: Preben Andre Eikrem
Styremedlem: Thomas Meier Fiskerstrand

Det blei halde eitt ordinært styremøte i 2024 med løpande løpande behandling av saker gjennom året.

Andre tillitsvalde

Dagleg leiar: Jon Olav Kvalsund

Instruktører

Parti	Treningstider	Partiansvarleg instruktør
Barn 1	Tysdagar	Elisa Hansen
Barn 2	Tysdagar	Elisa Hansen
Ungdom/vaksne Kvitt-Grønt	Tysdagar og torsdagar	Jon Olav Kvalsund
Ungdom/vaksne Blått-Svart	Måndagar og torsdagar	Jon Olav Kvalsund

Hjelpeinstruktører:

Yacoub Kristian Tandberg Ardaji, 1. Dan
Abid Begic, 1. Gup-2
Thomas Meier Fiskerstrand, 3. Gup
Dina Sofie Gulbrandsen Lehne, 3. Gup



Thomas, Abid, Jon og Dina på Instruktørkurs 2 og 3 i Ålesund



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Medlemskontingent og treningsavgift

Månadleg treningsavgift og årleg medlemskontingent har halde seg uendra.

Honorar til styret, instruktørar og tillitsvalde

Det er ikkje vedtatt eller utdelt honorar til styret, instruktørar eller tillitsvalte.

Medlemmer

Idrettsregistreringa: Registrerte medlemmer i 2024 var 87 mot 54 i 2023.

Aktive medlemmer: Klubben hadde 68 aktive medlemmer ved årsslutt 2024 mot 47 i 2023.

Medlemsflyt: I løpet av året blei det registrert 40 innmeldingar og 19 utmeldingar.

Aldersgruppe	Kvinner					Menn					Sum
	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	
2023	0	17	4	1	9	0	23	5	1	8	54
2024	0	12	8	2	4	0	36	11	3	11	87



Julegradering saman med utøvarar frå Vanylven NTN Taekwon-Do klubb



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Samlinger, kurs og meisterskap

Samlinger

12. mai	Leiarsamling for sunnmørsklubbane i Volda
24. mai	Trening for Volda Handball i Volda
12.-13. oktober	God Nok jentesparringsseminar i Oslo
16.-17. november	God Nok jentesparringsseminar i Ålesund

Kurs

26. januar	NTN Instruktørkurs 4 i Trondheim
17. februar	ITF Dommarkurs i Ålesund
27. februar	NTN Instruktørkurs 1 i Volda
2.-3. mars	NTN Instruktørkurs 2 og 3 i Ålesund
5. april	NTN Instruktørkurs 7 i Trondheim
21. april	NTN Instruktørkurs 5 i Bergen
13.-15. september	International Instructor Course i Finland
10. og 24. november	Online International Do Course

Meisterskap

17. mars	Nordvest Meisterskap 1/2024 i Haram
22. september	Nordvest Meisterskap 2/2024 i Hustadvika
1.-3. november	Noregsmeisterskap og Landsmeisterskap 2024 i Trondheim



Trening med Volda Handball



Instruktørkurs 1 i Volda med Erik Heggem, 4. Dan frå Ålesund



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Resultat på meisterskap

17. mars

Nordvest Meisterskap 1/2024 i Haram

Pallplasseringar:

Gull, Elisa Hansen, Sparring Sr. 1.-3. Dan +65 kg
Gull, Jon Olav Kvalsund, Sparring Sr. 1.-3. Dan +75 kg
Gull, Jon Olav Kvalsund, Mønster Sr. 1.-3. Dan
Gull, Jon Olav Kvalsund, Knusing Sr./Vet. 2.-1. Gup – 1.-3. Dan
Gull, Thomas Meier Fiskerstrand, Mønster Sr./Vet. 8.-5. Gup
Sølv, Ingeborg Bjørneset, Mønster Sr./Vet. 4.-1. Gup
Bronse, Elisa Hansen, Mønster Sr. 1.-3. Dan

Deltatt:

Dina Sofie Gulbrandsen Lehne, Sparring Jr. 2 4.-1. Gup -61 kg
Dina Sofie Gulbrandsen Lehne, Mønster Jr. 2 4.-1. Gup
Jon Olav Kvalsund, Spesialteknikk Sr./Vet. Alle grader
Thomas Meier Fiskerstrand, Sparring Sr. 8.-5. Gup +75 kg

22. september

Nordvest Meisterskap 2/2024 i Hustadvika

Pallplasseringar:

Sølv, Abid Begic, Mønster Jr. 2 4.-1. Gup
Sølv, Jon Olav Kvalsund, Mønster 1.-4. Dan
Bronse, Elisa Hansen, Mønster 1.-4. Dan
Bronse, Jon Olav Kvalsund, Sparring 1.-4. Dan +75 kg

Deltatt:

Dina Sofie Gulbrandsen Lehne, Mønster Jr. 2 4.-1. Gup
Dina Sofie Gulbrandsen Lehne, Sparring Jr. 2 4.-1. Gup -61 kg
Elisa Hansen, Sparring Sr. 1.-4. Dan +65 kg
Jon Olav Kvalsund, Knusing Sr./Vet. 2.-1. Gup – 1.-3. Dan
Jon Olav Kvalsund, Spesialteknikk Sr./Vet. Alle grader
Thomas Meier Fiskerstrand, Mønster Sr./Vet. 4.-1. Gup
Thomas Meier Fiskerstrand, Sparring Sr. 4.-1. Gup +75 kg

3.-5. november

Noregsmeisterskap og Landsmeisterskap 2024 i Trondheim

Deltatt:

Jon Olav Kvalsund, Mønster Sr. 3.-6. Dan
Jon Olav Kvalsund, Sparring Sr. 1.-6. Dan 81-87 kg
Jon Olav Kvalsund, Knusing Sr./Vet. 1.-6. Dan



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Regionslag

Klubben hadde ein utøvar som representerte regionslaget ved Noregsmeisterskap og Landsmeisterskap 2024 i Trondheim:

Lagsparring Sr. Herrar Jon Olav Kvalsund (bronse)
Lagmønster Sr. Herrar Jon Olav Kvalsund



Elisa og Jon på NM i Trondheim



Elisa, Thomas, Jon, Ingeborg og Dina på Nordvest Meisterskap i Haram



Jon, Dina, Elisa, Thomas og Abid på Nordvest Meisterskap i Hustadvika



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Graderingar

Påskegradering 19. mars i Volda

Eksaminator: Ronny Flacké Eidsvik, 5. Dan.

32 barn, 2 ungdommar og 5 vaksne frå klubben graderte seg.

Sommargradering 8. juni i Ålesund og 13. juni i Volda

Eksaminator: Ronny Flacké Eidsvik, 5. Dan.

34 barn, 1 ungdom og 5 vaksne frå klubben graderte seg.

Regional raud- og svartbeltegradering 8. juni i Ålesund

Eksaminatorar: Grand Master Per Andresen, 9. Dan og Ronny Flacké Eidsvik, 5. Dan.

3 vaksne frå klubben graderte seg i Ålesund.

Vi gratulerer Yacoub Kristian Tandberg Ardaji med bestått gradering til 1. Dan sort belte og Elisa Hansen med bestått gradering til 2. Dan sort belte!

Sommarleir i Surnadal

Eksaminator: Thomas Kulvik, 5. Dan.

1 vaksen frå klubben graderte seg på vaksenleir i veke 31.

Julegradering 28. november i Volda

Eksaminator: Ronny Flacké Eidsvik, 5. Dan.

39 barn, 5 ungdommar og 9 vaksne frå klubben graderte seg.

Regional raud- og svartbeltegradering 23. november i Ålesund

Eksaminator: Ronny Flacké Eidsvik, 5. Dan.

1 vaksen frå klubben graderte seg.



Dina med bestått gradering på sommerleir!



Jon, Elisa og Yacoub med bestått gradering i Ålesund!



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Årsmelding 2024

Sosialt

18. juni	Sommaravslutning for barn på Sunnmørsbadet, Fosnavåg
20. juni	Sommaravslutning for ungdom og vaksne med gokart i Ålesund
17. og 19. desember	Nissetreningar for barn
19. desember	Juleavslutning på Marias Restaurant for ungdom og vaksne



Sommaravslutning for barn på Sunnmørsbadet



Sommaravslutning for ungdom og vaksne med gokart

Dugnadar

17. april	Rydding i Torvmyrane for Retura Søre Sunnmøre AS
31. desember	Vakthald ved Volda Fellesfyrverkeri

Sponsorar og tilskot

I løpet av året har klubben hatt tre trufaste sponsorar:

Norwegian Group AS, Retura Søre Sunnmøre AS og ØB Regnskap AS.

Tusen takk for støtta i 2024!

Styreleiar
Elisa Hansen


Nestleiar
Preben Andre Eikrem

Styremedlem
Thomas Meier Fiskerstrand



ÅRSREKNESKAP 2024

Volda NTN Taekwon-Do klubb



Org.nr.: 929 746 074

Resultat

DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2024	2023
Driftsinntekter			
Sponsor- og salsinntekter	1	97 127	116 543
Offentlege tilskot	2	59 751	17 596
Andre inntekter	3	223 016	126 180
Sum driftsinntekter		379 895	260 319
Driftskostnader			
Varekostnad		111 737	101 451
Andre driftskostnader	4	147 682	93 062
Sum driftskostnader		259 419	194 514
Driftsresultat		120 475	65 806
Finansposter			
Finansinntekter		1 998	279
Sum finansposter		1 998	279
ÅRSRESULTAT		122 473	66 085
Disponering av årets resultat			
Til (frå) eigenkapital		122 473	66 085
Sum disponering		122 473	66 085

Balanse

EIGEDELAR	NOTE	2024	2023
Omløpsmiddel			
Varer			
Varelager		30 529	19 197
Sum varelager		30 529	19 197
Fordringar			
Kundefordringar		14 386	5 000
Andre kortsiktige fordringar	5	18 821	6 927
Sum fordringar		33 207	11 927
Bankinnskot, kontantar o.l.		151 202	64 158
Sum omløpsmiddel		214 939	95 282
SUM EIGEDELAR		214 939	95 282

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE	2024	2023
Annan eigenkapital			
Eigenkapital	6	65 620	-464
Årsresultat	6	122 473	66 085
Sum annan eigenkapital		188 094	65 620
Sum eigenkapital		188 094	65 620
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		0	402
Anna kortsiktig gjeld	7	26 845	29 260
Sum kortsiktig gjeld		26 845	29 662
Sum gjeld		26 845	29 662
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		214 939	95 282

Styreleiar
Elisa Hansen

Nestleiar
Preben Andre Eikrem

Styremedlem
Thomas Meier Fiskerstrand

Noter

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med Rekneskaps- og revisjonsreglane for små organisasjonsledd tilknytt NIF.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld

Rekneskapen er ført etter rekneskapsprinsippet. Dette inneber at inntekter er registrert i den perioden dei er inntent og utgifter er registrert i den perioden dei er påkomne.

Eigedelar bestemt til varig eie eller bruk, er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel er vurdert til lågaste av anskaffingskost og framtidig salsverdi frårekna salskostnader. Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Inntektsføringsprinsipp

Driftsinntekter og offentlege tilskot blir inntektsført når dei er opptent. Sponsorinntekter blir inntektsført over avtaleperioden. Motsvarande kostnader blir kostnadsført i same periode.

Periodiseringsreglar

Utgifter blir kostnadsført i same periode som tilhøyrande inntekt. For prosjekt som har øyremerkte midlar der aktiviteten ikkje er fullført ved periodens utløp, blir det gjennomført inntektsavsetningar.

Note 1 – Sals- og sponsorinntekter

Rekneskapsposten består av:	2024	2023
Salsinntekter	66 877	76 543
Sponsorinntekter	16 000	35 000
Dugnadsinntekter	14 250	5 000
Sum	97 127	116 543

Note 2 – Offentlege tilskot

Rekneskapsposten består av:	2024	2023
Lokale aktivitetsmiddel	28 706	8 460
Grasrotandel	13 195	7 771
Andre tilskot	17 850	1 365
Sum	59 751	17 596

Note 3 – Andre inntekter

Rekneskapsposten består av:	2024	2023
Medlemskontingentar	11 400	7 100
Treningsavgifter	163 775	90 760
Graderingsavgifter	47 550	28 250
Andre inntekter	291	70
Sum	223 016	126 180

Note 4 – Andre driftskostnader

Regnskapsposten består av:	2024	2023
Leie av treningslokale	18 495	21 600
Treningsutstyr, inventar, førstehjelpsutstyr	14 950	16 920
Datakostnader	1 929	1 291
Kontorrekvisita, annet forbruksmateriale	1 079	70
Møte, kurs, oppdatering o.l.	32 039	4 908
Meisterskap, stemner	6 300	6 000
Sosiale aktiviteter	6 587	2 703
Reisekostnader	1 858	2 630
Reklame, domene, heimeside	3 428	3 864
Representasjonskostnader	4 155	502
Klubbavgift, medlemskontingentar	34 225	21 080
Gåver til styremedlemmer, instruktører	3 608	0
Forsikringspremie	5 969	5 748
Årsmøtekostnader	1 714	0
Betalingsgebyr	11 208	5 547
Andre kostnader	139	200
Sum	147 682	93 062

Note 5 – Andre kortsiktige fordringar

Balanseposten består av:	2024	2023
Forskotsbetalte kostnader	729	687
Opptente, ikkje innbetalte, inntekter	14 069	4 743
Periodisering betalingsløysingar	4 023	1 496
Sum	18 821	6 927

Note 6 – Eigenkapital

	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.	65 620	65 620
Årets resultat til annan eigenkapital	122 473	122 473
Eigenkapital pr. 31.12.	188 094	188 094

Note 7 – Anna kortsiktig gjeld

Regnskapsposten består av:	2024	2023
Påkomne kostnader	18 495	28 160
Mottatte, ikkje opptente, inntekter	0	1 100
Solidaritetsfond	8 350	0
Sum	26 845	29 260



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Forslag og saker

Sak 10a – Godtgjersle for verv.

Sidan klubben vart stifta har det ikkje blitt utbetalt godtgjersle for verv. Med ei auke i medlemstal og arbeidsoppgåver ønsker styret at årsmøtet tar stilling til om klubben skal begynne å utbetale godtgjersle for verv. Vidare ønsker styret at årsmøtet skal ta stilling til om det er styret eller årsmøtet som skal vedta eventuell godtgjersle.

Styret foreslår at klubben begynner å utbetale godtgjersle for verv, og at styret får tildelt fullmakt til å fastsette slik godtgjersle.

Sak 11a – Medlemskontingent.

Styret foreslår ein årleg medlemskontingent for ordinært medlemskap på 200 kroner per år.

Sak 11b – Treningsavgift.

Styret foreslår at nytt styre for 2025/2026 får tildelt fullmakt til å fastsette treningsavgifter.

Sak 15a – Val av styre.

Styret foreslår følgande styresamansetting for 2025/2026:

Styreleiar: Elisa Hansen
Nestleiar: Thomas Meier Fiskerstrand
Styremedlem: Preben Andre Eikrem
Varamedlem: Elin Kalvatn Moe

Sak 15b – Val av kontrollutval.

Styret foreslår følgande samansetting av kontrollutval for 2025/2026:

Leiar: Ingeborg Myklebust Bjørneset
Medlem: Knut-Arvid Uglebakken
Varamedlem: Abid Begic



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Forslag og saker

Sak 15c – Val av representantar til ting og møte.

Styret foreslår å gi styret fullmakt til å utnemne representantane til ting og møte der idrettslaget har representasjonsrett.

Sak 15d – Val av valkomité.

Styret foreslår følgende samansetting av valkomité for 2025/2026:

Leiar: Yacoub Kristian Tandberg Ardaji
Medlem: Dunja Stancic
Varamedlem: Dina Sofie Gulbrandsen Lehne


Med sportsleg helsing

Styret i Volda NTN Taekwon-Do klubb

Elisa Hansen, Preben Andre Eikrem, Thomas Meier Fiskerstrand

BUDSJETT 2025

Volda NTN Taekwon-Do klubb



Org.nr.: 929 746 074

Budsjett 2025


	Resultat 2024	Budsjett 2025	Endring
Driftsresultat			
Driftsinntekter			
Salgsinntekter			
Varesalg utstyr	47 980	50 000	2 020
Varesalg fritt	18 898	20 000	1 102
Sponsorinntekter	16 000	21 000	5 000
Dugnadsinntekter	14 250	10 000	- 4 250
Salgsinntekter	97 127	101 000	3 873
Annen driftsinntekt			
Tilskudd NIF / LAM	46 556	50 000	3 444
Grasrotandel	13 195	14 000	805
Medlemskontingent	11 400	14 000	2 600
Treningsavgift	163 775	170 000	6 225
Graderingsavgift	47 550	49 000	1 450
Andre driftsinntekter	291	-	- 291
Uspesifisert salg	-	-	-
Annen driftsinntekt	282 767	297 000	14 233
Driftsinntekter	379 895	398 000	18 105
Driftskostnader			
Varekostnad			
Beholdningsendring	- 11 332	-	11 332
Innkjøp av varer for videresalg	74 425	65 000	- 9 425
Frakt, toll og spedisjon varekjøp	3 319	4 000	681
Graderingsavgifter	45 325	52 500	7 175
Varekostnad	111 737	121 500	9 763
Lønnskostnad			
Godtgjørelse for verv	-	20 000	20 000
Lønnskostnad	-	20 000	20 000
Annen driftskostnad			
Frakt, toll og spedisjon treningsutstyr	-	3 000	3 000
Leie treningslokaler	18 495	30 000	11 505
Treningsutstyr og inventar	11 555	6 000	- 5 555
Regnskapssystem	1 929	3 000	1 071
Førstehjelpsutstyr	3 395	2 000	- 1 395
Kontorrekvisita, forbruksmateriale	1 079	1 000	- 79
Møte, kurs, oppdatering o.l.	32 039	25 000	- 7 039
Mesterskap, stevner	6 300	10 000	3 700
Sosiale aktiviteter	6 587	15 000	8 413
SMS-utsending	138	200	62
Reisekostnad leverandør	1 858	2 000	142
Reklamekostnad	1 748	2 000	252
Domenekostnad	1 680	2 000	320
Representasjon	4 155	2 500	- 1 655
Klubavgift og kontingenter	34 225	40 000	5 775
Gaver til styremedlemmer, instruktører	3 608	5 000	1 392
Forsikringspremie	5 969	7 000	1 031
Årsmøtekostnader	1 714	1 000	- 714
Gebyrer bank og betalingsløsninger	11 209	13 000	1 792
Annen driftskostnad	147 682	169 700	22 018
Driftskostnader	259 419	291 200	31 781
Driftsresultat	120 475	106 800	- 13 675
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt	1 677	2 000	323
Annen finansinntekt	321	500	179
Finansinntekter	1 998	2 500	502
Netto finansresultat	1 998	2 500	502
Ordinært resultat	122 473	109 300	- 13 173
Årsresultat	122 473	109 300	- 13 173
Disponering: Innkjøp av nye matter	-	50 000	50 000



Organisasjonsplan

Organisasjonsplanen blir vedtatt på årsmøtet, og inneheld eit organisasjonskart og ei skildring av ansvaret og dei viktigaste oppgåvene som gjeld for dei ulike funksjonane i Volda NTN Taekwon-Do klubb. Funksjonsskildringa for dei lovpålagde verva finst i klubben si lov. Funksjonsskildringa for dei styreoppnemnde verva finst i klubbhandboka.

Organisasjonskart



Kjønnsfordeling: Klubben skal arbeide for lik kjønnsfordeling ved val/oppnemning til styrer, komitear mv. og representasjon til årsmøte/ting. Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, skal begge kjønn vere representert. Samansettinga skal være forholdsmessig i forhold til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Føresegna gjeld også der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant teller ikkje med ved berekninga av kjønnsfordelinga. Jf. Idrettslaget si lov § 4.



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Organisasjonsplan

Årsmøtet

Sjå § 10 Lov for Volda NTN Taekwon-Do klubb.

Årsmøtet er klubben sitt høgste organ. Her blir det lagt fram årsmelding for året som har gått om aktivitetar, medlemsutvikling og andre hendingar som omfattar klubben.

Årsmøtet vel blant anna styret, og vedtar lover, årsmelding, rekneskap og budsjett.

Årsmøtet skal haldast seinast innan utgangen av mars, og innkalling skal sendast ut seinast ein månad i førevegen. Minst ei veke møtet skal alle relevante dokument vere tilgjengeleg. Referent skriv protokoll som seinare blir signert og arkivert.

Styret

Sjå § 11 i Lov for Volda NTN Taekwon-Do klubb.

Idrettslaget blir leia og forplikta av styret som representerer idrettslaget utetter. Styret er idrettslaget si høgste styremakt mellom årsmøta. Her blir det tatt avgjerder om bruk av klubben sine midlar, aktivitetar, og rapportering av medlemstal og økonomi.

Styret er lovpålagde å sørge for:

- Å sette i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sine regelverk og vedtak.
- Forsvarleg organisering av idrettslaget si verksemd og økonomistyring.
- At avgjerder blir fatta i samsvar med overordna organisasjonsledds sine regelverk og vedtak, idrettslaget si lov og årsmøtet sine vedtak.
- Utnemne ein ansvarleg for politiattestordninga.
- Utnemne ein ansvarleg for barneidretten.
- Utnemne komitear/utval til ivaretaking av løpande eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for desse.
- Utnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
- Rapportere organisasjonsdata i samsvar med krav fastsett av Idrettsstyret.



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Organisasjonsplan

Styret skal også:

- Utarbeide budsjett og følge dette så godt som mulig.
- Være på utkikk etter nye sponsorer og følge opp noverande sponsorer.
- Innkalle til og avhalde årsmøte, og legge fram forslag til eventuell valgkomité på årsmøtet.
- Medlemsrapportering til NIF.
- Søke om diverse tilskot.
- Søke om MVA-kompensasjon.
- Søke om kommunale treningstider.
- Oppfølging av informasjon registrert i Brønnøysundregistret.
- Oppfølging av forsikring.
- Påmelding til Forbundsting og NTN Kongress.
- Bestille prisar for æresmedlem, og eventuelle andre utmerkingar.
- Administrere bestilling/sal av profileringsartiklar til medlemmer.
- Utarbeide eller sørge for bestilling av marknadsmateriell og profilering for nybegynnarkurs og aktivitetar i klubben.

Funksjonsskildringar

Styreleiar

- Dagleg ansvar for administrativ drift av klubben.
- Ansvar for delegering av oppgåver/gjeremålslistar til styremedlemmene.
- Kalle inn til, og leie, styremøte.
- Kalle inn til årsmøte og publisere dokument i samband med dette.
- Halde handboka til klubben oppdatert.
- Marknads- og medieansvarleg.
- Medlemsrapportering til NTN og Norges Kampsportforbund.
- Oppdatering av Brønnøysundregisteret.
- Oppfølging av forsikring.
- Søknad om treningstider hos kommunen.
- Søke om tilskot.
- Søke om MVA-kompensasjon.
- Påmelding til Forbundsting og NTN Kongress.
- Sponsorkontaktansvarleg.
- Signere på skjema for utlegg frå medlemmer saman med kasserar.
- Godkjenne utbetalingar av løn/godtgjerse til instruktørar og andre med verv saman med kasserar i tråd med klubbhandboka.
- Skrive årsmelding som skal leggjast fram på årsmøtet.



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Organisasjonsplan

Nestleiar

- Assistere styreleiar og ivareta leiarjobben ved styreleiar sitt fråvær.

Medlemsansvarleg

- Hovudansvar for oppdatering av medlemsportal.
- Organisere nybegynnarkurs i samarbeid med hovudinstruktør.
- Publisere informasjon om nybegynnarkurs i klubben sine kanalar.
- Halde klubben sin påmeldingsportal på heimesida oppdatert og følge opp påmeldingar.
- Ta imot medlemskontrakter frå medlemmer og registrere desse i medlemsportal.
- Oppfølging av medlemmer i høve forsikring ved skader.
- Følge opp betalningar av treningsavgift og medlemskontingent.
- Svare på og registrere utmeldingar.

Dagleg leiar

- Dagleg ansvar for sportsleg drift av klubben.
- Hovudinstruktør i klubben.
- Lese og svare på e-post som kjem til post@voldatkd.no.
- Møteplikt på styremøte.

Økonomiansvarleg

- Betale rekningar.
- Føring av rekneskap.
- Ansvarleg for lager og innkjøp.
- Godkjenne utleggsskjema saman med styreleiar.

Referent

- Blir valt ved kvart styremøte.
- Føre referat frå styremøte.
- Godkjende protokollar skal arkiverast i PDF-format i klubben sin SharePoint-konto og sendast via e-post til styremedlemmane.

Andre oppgåver som skal fordelast mellom styremedlemmene og dagleg leiing

- IT og teknisk ansvarleg.
- Ansvar for politiattestordninga.
- Ansvarleg for sosiale medium.
- Ansvarleg for å organisere interne arrangement i klubben.



Volda NTN Taekwon-Do klubb

KVALITET – TRYGGHET – ETIKK

Org.nr.: 929 746 074 | Kontakt: post@voldatkd.no



Organisasjonsplan

Styret sitt arbeid

Sjå § 11 i Lov for Volda NTN Taekwon-Do klubb

Nøkkelen for god drift er god kommunikasjon mellom alle ledd i klubben, både styret, instruktører og medlemmer. Styret sitt ansvar ligg hovudsakleg i den administrative drifta av klubben, medan det sportslege ansvaret er delegert til dagleg leiar. Styret bruker klubben si handbok som rettleiing i arbeidet sitt.

Styret blir kalla inn til styremøte når styreleiar bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmane forlanger det. Styremøta blir halde i eigna lokale eller via nettmøte dersom dette vert vurdert som føremålstenleg. Styreleiar kallar inn til styremøte ved å sende ut innkalling via e-post til alle styremedlemmer og sportsleg leiing minst ei veke før møtetidspunkt.

Utval/komitéar

Kontrollutval

Sjå § 10 i Lov for Volda NTN Taekwon-Do klubb

Eit eventuelt kontrollutval skal sjå til at:

- Idrettslaget sine midlar er anvendt i samsvar med lover og føresegner.
- Idrettslaget sine midlar går til dei aktivitetane som årsmøtet har gjort vedtak om.
- Idrettslaget sine økonomiske disposisjonar er i samsvar med idrettslaget si eiga lov.
- Idrettslaget har økonomisk kontroll internt.
- Årsrekneskapen og delårsrapportar gir et rettvise bilete av idrettslaget si drift.

Revisoroppgåver blir utført av kontrollutvalet. Oppgåvene inneber vurdering av om årsrekneskapen er utarbeidd og fastsett i samsvar med NIF sine rekneskaps- og revisjonsføresegner, og om styret har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapen i samsvar med desse reglane.

Valkomité

Sjå § 10 i Lov for Volda NTN Taekwon-Do klubb

Ein eventuell valkomité skal sikre drift av idrettslaget gjennom å finne personar med rett kompetanse til styret. Valkomitéen skal:

- Diskutere med styret om moglege endringar i styret si samansetning.
- Halde seg informert om, og diskutere med, medlemmene om ulike kandidatar for styreoppdrag, og på denne måten finne ut om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget.
- Før årsmøtet levere skriftleg forslag på kandidatar som skal leggest fram på årsmøtet.
- Presentere valkomitéen sitt forslag på årsmøtet.